

VEDTEKTER FOR ALVERSTRAUMEN GRUNNEIGARLAG

§ 1 Alverstraumen grunneigarlag

Alverstraumen grunneigarlag er ei samanslutning av grunneigarar på gardane 130 Fjellsende, 131 Remme, 132 Nordre Soltveit, 133 Søre Soltveit og 134 Hilland.

§ 2 Føremål

Alverstraumen grunneigarlag skal arbeida for å fremja fellesinteresser for grunneigarane i saker som gjeld jakt, friluftsliv, naturvern og arealplansaker.

§ 3 Medlemmer

Grunneigarar innafor laget sitt område som eig minst 10 dekar areal har høve til å stå som medlem.

Innmelding skjer ved underskrift i eigen rubrikk i medlemsregisteret.

Medlemsskapet skal lyda på navn og eideidom. Ved eigarskifte skal laget varslast, og ny eigar må skriftleg stadfesta at medlemsskapet skal halda fram.

Laget skal føra medlemsregister som skal være à jour til eikvar tid.

§ 4 Samyrkelag

Kvar grunneigar har ein part med like rettar og plikter – uavhengig av kor mange gardar/bruk vedkomande eig i området til laget. Det er berre ei røyst pr. bruk. Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

§ 5 Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt øvste organ og skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Styret sender skriftleg innkalling til årsmøte til medlemmene med minst 14 dagars varsel vedlagt saksliste, årsmelding og rekneskap.

Saker som medlemmene ønskjer å ta opp på årsmøtet må meldast skriftleg til styret minst 8 dagar før årsmøtet. Det skal førast protokoll, som skal sendast ut til medlemmene seinast 14 dagar etter møtet.

Alle vedtak er gyldige med minst halvparten av røystene til dei frammøtte på årsmøtet.

Årsmøtet vel to medlemmer til å underskrive protokollen.

Styret eller minst 1/4 av medlemmene kan krevja at det vert kalt inn til ekstraordinært årsmøte med minst 8 dagars skriftleg varsel.

I ordinært årsmøte skal følgjande saker behandlast:

1. Val av møteleiar
2. Godkjenning av fullmakter
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Val av skrivar
5. Val av to medlemmer til å underskrive protokollen
6. Godkjenning av årsmelding
7. Godkjenning av rekneskap
8. Innkomne saker
9. Val av styreleiar for 1 år
10. Val av dei styremedlemmene som er på val

§ 6 Styret

Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmer – ein frå kvar av gardane.

Årsmøtet vel styre og styreleiar. Styret konstituerer seg elles sjølv – med kasserar, skrivar og 2 styremedlemmer.

Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmene møter.

Styret skal leggja fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet.

Styrer fører møtebok.

§ 7 Vedtektsendring

Endring i desse vedtektena kan skje i lovleg innkalt årsmøte etter framlegg frå styret.

§ 8 Opplysing av laget

Opplysing av laget kan skje i lovleg innkalt årsmøte etter forslag fra styret.